

## Rådmannen

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksh. – tlf.	Dato
	2009/310 - 10743/2009	Nina Foldnes - 55 09 71 32	28.05.2009

### **Møtereferat - Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 27.05.09**

**Tilstades:** Bjørnar Fjellhaug, Birgitte Hjertås, Svein Arthur Pedersen, Mari Mikkjelborg, Gunnar Angeltveit, Morten Mortensen og Britt Nornås.

**Andre:** Hans Rasmussen, Rektor v/Liljevatnet skule  
Gudrun Ølnes, Plan og utbyggingssjefen og Dan Christensen frå Sotra Sportsklubb.  
Møtestad: Liljevatnet skule.

**Sak 25/09 – Godkjenning av møtereferat og møteinnkalling**  
Følgjande merknader: Hilde Kristin Morvik, deltok på møte.

**Sak 26/09 – Skriv og meldingar**

**Sak 27/09 – Liljevatnet skule v/Rektor H. Rasmussen**  
Rektor Hans Rasmussen hadde omvisning av Liljevatnet skule som var ferdig romjula 2005. Skulen var svært funksjonell for alle brukarar. Rådet kom med framlegg om teleslynge og markering av ein stolpe. Dette var noko rektor skulle fremja.

**Sak 28/09 – Frihetsmanifest**

Leiar rettar førespurnad til Ski kommune, vedr.1 sides frihetsmanifest. Ein kan ikkje sjå at Ski kommune har handsama dette. Saka blir teken opp på ny når dette ligg føre.

**Sak 29/09 – Tilgjengepris, statuttar**

Rådet har sett saman statuttar og gjekk igjennom desse. Det kom nokre endringar og framlegga blei samrøystes vedteken. Statuttane for tilgjengepris blir sendt til komite for drift. Fastsetting av pris må politisk handsamast.

**Sak 30/09 – Knappskog skule - tankar om bruk i ettertid**

Komite for drift har fått saka, for evt. etterbruk.

**31/09 – Ågotnes Ungdomsskule v/Gudrun Ølnes**

Gudrun Ølnes hadde plan teikningar med seg over uteområdet v/Ågotnes skule. Bygget er komen opp ,og uteområdet er ferdig planert. Ho fortalte oss om kva for tankar dei hadde for uteområdet . Rådet kom med ein del innspel som Gudrun noterte seg .

**32/09 - Ny lysløype ved idrettsparken v/Dan Christensen**

Dan Christensen innleia møtet med ein power point presentasjon over planane ved idrettsparken. Lysløype del 1. skal opnast 16.08.09. 2 del av planlagt lysløype skal stå ferdig hausten 2010. Begge løypene blir belagt med grus og er lett å komme seg fram for rørslehemma. Rådet kom med innspel på korleis dei kan gjere lysløypa betre tilrettelagt for svaksynte. Sotra Sportsklubb ser nærare på dette.

**33/09 – Eventuelt****Nav:**

Rådet sine representantar, Mari Mikkelsborg og Britt Nornås har ikkje hørt noko frå NAV vedk.deltaking i utforming av mottak til NAV. Sekretær kontaktar prosjektleiar W.Sandvær. Nettside:

Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne har fått eiga side på Fjell kommune sin nett side. Oppmodar alle til å gjere seg kjend på nett sida. Alle møteinnkallingar, møtereferat og aktuelle saker for rådet vil vera tilgjengeleg for alle.

Neste møte vert 24/6-09 kl.1600

Med helsing

Bjørnar Fjellhaug (s)  
Leiar

Nina Foldnes  
Sekretær